

SVEIO KONTROLLUTVAL

INNKALLING TIL MØTE I KONTROLLUTVALET

Dato: tysdag 11. juni 2013
Tid: kl. 18.00
Sted: Glasburet, kommunehuset
Forfall meldes til: Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS tlf 52 75 73 50, som sms til mobiltlf. 95 98 69 79, eller på e-post: post@kontrollutvalgene.no

Medlem som må melde forfall eller meinar seg ugild, må gi melding om dette så tidlig som råd er. Varamedlemmer vert innkalla særskilt. Saker merka *Ikkje offentleg jamfør off. l.*, blir berre sendt til medlemmer/varamedlemmer.

Kommunalsjef Bjørn Gilje vil orientere i sak 17/13 og 18/13.

Sakliste:

- 15/13 Godkjenning av protokoll frå møte 16.04.13
- 16/13 Referatsaker 11.06.13
- 17/13 Tertialrapport, revidert budsjett 2013 og økonomiplan 2014-17
- 18/13 Orientering om resultateiningane innan helse og omsorg

Eventuelt

Sveio/Aksdal, 04.06.13

Håkon Skimmeland
leiar (sign.)


Toril Hallsjø
dagleg leiar/utvalssekretær

Kopi:	Ordførar	(møte- og talerett)
	Revisor	(møte- og talerett)
	Rådmann	(er invitert)
	Varamedlemmer	(til orientering)

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	11.06.13	15/13

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	033	

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 16.04.13

Vedlegg: Protokoll 16.04.13

Saksorientering:

Utkast til protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 16.04.13 følgjer vedlagt. Protokollen er gjennomlest og godkjent av leiar i etterkant av møtet og oversendt kommunen slik han ligg føre.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 16.04.13 blir godkjent slik han ligg føre.

Aksdal, 03.06.13

Toril Hallsjø
Dagleg leiar/utvalssekretær

SVEIO KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Tysdag 16. april 2013 blei det halde møte i Sveio kontrollutval under leiing av utvalsleiar Håkon J. Skimmeland.

MØTESTAD:	Glasburet, kommunehuset
MØTESTART/-SLUTT:	kl.18.00 – kl. 20.45
MØTANDE MEDLEMMER:	Håkon J. Skimmeland (Ap), Kristi Henden Tveitaskog (Sp), Tor Røkenes (V), Andreas Bårtvedt (H) og Oddbjørg Hovland (MDG/SV)
MØTANDE VARAMEDLEMMER:	Ingen
FORFALL:	Ingen
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Dagleg leiar/utvalssekretær Toril Hallsjø, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Revisor/partner Trond Kampen, KPMG AS og rådgjevar Ingvill Strand, KPMG AS i sak 14/13
ANDRE SOM MØTTE:	Rådmann Bjarne A. Martinsen og økonomisjef Heidi Sunde
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKLISTE:	Utvalet handsama sak 14/13 før sakene 11-13/13

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 8/13 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 22.01.13

Sekretariatet si innstilling:

Protokollen frå møte i kontrollutvalet 22.01.13 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 16.04.13:

Protokollen blei godkjent utan merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 16.04.13:

Protokollen frå møte i kontrollutvalet 22.01.13 blir godkjent.

SAK 9/13 REFERATSAKER 16.04.13

2. Skatteoppkrevjaren i Sveio – årsrapport og skatterekneskap 2011
3. Kontrollrapport 2011 vedk. skattekvjarfunksjonen i Sveio kommune
4. Innkalling - representantskapsmøte 26.04.13 – SIM IKS
5. Innkalling – repr.skapsmøte 07.05.13 – Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS
6. Invitasjon- FKT-konferansen 05.-06.06.13 - Gardermoen
7. Opne møte i kontrollutval og kommunale føretak frå 01.07.13

Handsaming i kontrollutvalet 16.04.13:

Leiar orienterte frå møte med ordførar. Budsjett og kostnader knytte til kontroll og tilsyn vil no bli ført som eige ansvarsområde. Det vil gje betre oversyn. Leiar hadde også fått telefon frå ordførar der ho gav samtykke til å melde på ein deltakar til FKT-konferansen.

Rapportene blei gjennomgått. Restansane er på veg ned. Økonomisjefen var svært nøgd med arbeidet til skatteinnkrevjaren. Opne møte frå hausten vil gje nye rutinar når det gjeld kunngjering, utlegging av sakspapir og handtering saker som skal gå for lukka dører.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 16.04.13:

Kontrollutvalet tar referatsakene 2 -7 til orientering.

Utvalsleiar Håkon J. Skimmeland vert påmeldt til FKT-konferansen 2013.

SAK 1013 ORIENTERING OM RESULTATEINING TEKNISK

Sekretariatet si innstilling:

Sveio kontrollutval tar orienteringa om resultateininga teknisk til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 16.04.13:

Rådmannen gav si forklaring på kvifor han møtte i saka. Han var gjort kjent med meirforbruk på 7 mill. kr knytte til utbygging av Ekrene næringspark 30. januar og har informert formannskap og kommunestyre om saka. Området har kosta meir og er blitt større enn fyrst planlagt. Administrasjonen arbeider nå med å betre rutinane for oppfølging av investeringsbudsjettet gjennom tertial- og månadsrapportar, og å få opp tomtesalet. Utvalet peika på at det også var viktig å ha fokus på kompetanse og haldningsarbeid blant dei tilsette. Eininga har to avdelingar: plan- og næring og drift- og anlegg. Dei politiske ambisjonane er nok større enn det ein har av ressursar. Dette kjem fram i sakshandsamingstida for reguleringsplanar og når det gjeld vedlikehaldet av kommunale bygg. Utvalet var nøgd med orienteringa.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 16.04.13:

Sveio kontrollutval tar orienteringa om resultateininga teknisk til orientering.

SAK 11/13 SVEIO KOMMUNE - UTTALE TIL ÅRSREKNESKAPEN FOR 2012

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet i Sveio har fylgjande/ingen kommentarar til årsrekneskapen 2012 og vedtek uttale slik den ligg føre / med desse endringane/tillegga.

Kontrollutvalet ber rådmannen gje ei skriftleg tilbakemelding til kontrollutvalet innan 1. september på korleis eventuelle merknader i årsoppgjersbrev er følgd opp.

Handsaming i kontrollutvalet 16.04.13:

Økonomisjefen orienterte frå hovudoversyn, om rammeområda, investeringar, om notane til rekneskapen, nøkkeltal og ga ein rekneskapsanalyse. I år er underskotet på 0,6 mill. kr. Størst fokus må settast inn på omsorg, som hadde eit overforbruk på 9,1 mill. kr. Størst utfordring har kommunen innan barnehagesektoren. Konklusjon: «Det er brukt meir enn det ein har».

Utvalet hadde spørsmål knytte til skatteinngang, folkevekst og innflytting. Revisor orienterte om sitt arbeid og var fornøyd med tilrettelegginga og god dialog med administrasjon. Årsoppgjersbrev var ikkje ferdig utarbeida og vil bli lagt fram for utvalet i juni. Elles var det ingen fleire merknader frå utvalet.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 16.04.13:

Kontrollutvalet i Sveio har ingen kommentarar til årsrekneskapen 2012 og vedtek uttale slik den ligg føre.

Kontrollutvalet ber rådmannen gje ei skriftleg tilbakemelding til kontrollutvalet innan 1. september på korleis eventuelle merknader i årsoppgjersbrev er følgd opp.

SAK 12/13 RYVARDEN KULTURFYR KF – REKNESKAP 2012

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet i Sveio vedtek uttale til Ryvarden Kulturfyr KF sin årsrekneskap for 2011 slik den ligg føre/ med desse endringane.

Handsaming i kontrollutvalet 16.04.13:

Leiar merka seg at årsmeldinga gav god informasjon om drifta og den økonomiske stoda. Elles ingen merknader til rekneskapen.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 16.04.13:

Kontrollutvalet i Sveio vedtek uttale til Ryvarden Kulturfyr KF sin årsrekneskap for 2012 slik den ligg føre.

SAK 13/13 SVEIO BUFELLESSKAP KF – REKNESKAP 2012

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet i Sveio vedtek uttale til Sveio Bufellesskap KF sin årsrekneskap for 2011 slik den ligg føre/ med desse endringane.

Handsaming i kontrollutvalet 16.04.13:

Kontrollutvalet hadde ingen merknader til rekneskapen.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 16.04.13:

Kontrollutvalet i Sveio vedtek uttale til Sveio Bufellesskap FK sin årsrekneskap for 2011 slik den ligg føre.

SAK 14/13 STATUSRAPPORT OM FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKTET HELSE OG OMSORG

Sekretariatet si innstilling:

Sveio kontrollutval tiltrer revisor sitt framlegg til prosjektmandat og problemstillinger for forvaltningsrevisjon av pleie- og omsorgstenestene - i tråd med prosjektmandat som ligg føre frå KPMG AS (evt. med desse endringane). Ramma vert sett til 150 timar.

Handsaming i kontrollutvalet 16.04.13:

Ingvill Strand frå KPMG AS orienterte arbeidet med forprosjektet og planane vidare. Utvalet oppmoda revisor til å sjå nærare på haldningane til dei tilsette og at leiinga må ha fokus på arbeidsmiljøet for å redusere bruk av vikarar. Utvalet såg fram til rapport til hausten.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 16.04.13:

Sveio kontrollutval tiltrer revisor sitt framlegg til prosjektmandat og problemstillinger for forvaltningsrevisjon av pleie- og omsorgstenestene - i tråd med prosjektmandat som ligg føre frå KPMG AS. Ramma vert sett til 150 timar.

EVENTUELT

Ingen saker var meldt under eventuelt.

Neste møte

I år det lagt opp til tre møter 1. halvår. I følgje planen er kommunalsjef oppvekst og kultur invitert til møtet **11. juni** kl. 18.00.

Sveio/Aksdal, 16. april 2013

Håkon J. Skimmeland
kontrollutvalsleiar


Toril Hallsjø
utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	11.06.13	16/13
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	033	

REFERAT- OG ORIENTERINGS SAKER 11.06.13**Vedlegg:**

8. Kommunestyrevedtak 06.05.13, sak 26 – Nytt ansvar: 10010 Revisjon og kontrollutval
9. Kommunestyrevedtak 06.05.13, sak 33 – Eigarskapsmelding 2012-2013
10. Pressemelding frå KDR – «*Interkommunalt samarbeid løner seg for kommunane*»
11. Kommunerevisoren nr. 3 – «*Antikorrupsjon i kommunene – mer enn kontroll*»
12. Statusrapport pr. juni 2013
13. FKT-konferansen 05. og 06.13 på Gardermoen v/utvalsleiar

Saksorientering:

Vedlagt følger dei opplista tema (brev, melding og liknande) til kontrollutvalet til orientering.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet tar referat- og orienteringssakene 8 - 13 til orientering.

Aksdal, 03.06.13

Toril Hallsjø
Utvalssekretær

VEDLEGG
SAK 16/13
pkt 8

Sveio kommune

Sakspapir

SAKSGANG			
Behandling	Møtedato	Saksnr	Saksbehandler
Formannskapet	22.04.2013	020/13	RGERI
Kommunestyret	06.05.2013	026/13	RGERI

Avgjerd av:	Arkiv: N-016	Arkivsaknr
Saksansv.: Ruth Grethe Østebøvik Eriksen	Objekt:	08/596

NYTT ANSVAR: 10010 REVISJON OG KONTROLLUTVAL

Ordføreren 11.04.2013:

Saksorientering:

For å sikre ein betre økonomisk oversikt i høve drift/driftsmidlar til kontroll og revisjon, har ordføreren i samråd med leiar av Sveio Kontrollutval bede om at det blir oppretta eit eige ansvarsområde for denne drifta.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen.

Budsjetterte midlar på fleire postar under ansvar 10000 politisk, blir overført til nytt ansvar 10010.

ORDFØRAREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kommunestyret godkjenner at det blir oppretta nytt ansvar 10100 Revisjon og Kontrollutval.

22.04.2013 FORMANNSKAPET

FOR-020/13 SAMRØYSTES TILRÅDING:

Kommunestyret godkjenner at det blir oppretta nytt ansvar 10100 Revisjon og Kontrollutval.

06.05.2013 KOMMUNESTYRET

KOM-026/13 SAMRØYSTES VEDTAK:

Kommunestyret godkjenner at det blir oppretta nytt ansvar 10100 Revisjon og Kontrollutval.

Sveio kommune

Sakspapir

SAKSGANG			
Behandling	Møtedato	Saksnr	Saksbehandler
Formannskapet	22.04.2013	016/13	KALAV
Kommunestyret	06.05.2013	033/13	KALAV

Avgjerd av: Saksansv.: Kathrine Lavik	Arkiv: Objekt:	Arkivsaknr 13/258
--	---------------------------------	-----------------------------

EIGARSKAPSMELDING 2012-2013

Rådmannen 22.03.13:

Prenta/uprenta vedlegg:

Eigarskapsmelding 2012-2013

Saksorientering:

Eigarskapsmelding 2012-2013 viser oversikt over selskap som Sveio kommune har eigar- eller deltakarinteresser i. Eigarskapsmeldinga er utarbeida etter anbefaling hjå KS Eierforum og fylgjer deira anbefalingar i skrevet "Anbefaling om eierskap, selskapsledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak".

Eigarskapsmeldinga har to delar. Fyrste del tek for seg aktuelle selskapsformer, felles prinsipp og strategiar for ei god eigarstyring i dei ulike selskapsformene. I del to vil det vere ei total oversikt over selskapa som Sveio kommune har eigarskap i, samarbeid med, medlemskap i eller på andre måtar er av interesse. Selskapa er i del to fordelt på følgjande seks kategoriar; aksjeselskap, interkommunale selskap, kommunale føretak etter kommunelova kap. 11, interkommunale samarbeid/styre etter kommunelova § 27, stiftingar og andre typar eigarforhold og samarbeid som ikkje kjem inn under dei fyrst nemnde kategoriane.

Informasjonen om selskapa blir henta frå selskapas nettsider, årsmeldingar og Brønnøysundregisteret.

Vurdering:

Meldinga skal vere eit styringsdokument for politistarane i Sveio kommune. Ved å samle alle selskapa i ein oversikt, vil det bli lettare å sikre forankring, styring og naudsynt kontroll med dei ressursar som ligg i kommunale selskap og føretak. Ei slik melding skal bidra til eit meir bevisst eigarskapsforhold frå kommunen si side.

Eigarskapsmeldinga bør reviderast kvart år. I kommande revisjonar er det ønskeleg å få med kvifor Sveio kommune er eigar/medlem eller støttar eit selskap; kva som er føremålet for Sveio kommune ved å støtte eit selskap. Ved nye eigarskap/medlemskap bør det i vurderinga av dette kome fram kvifor det er bra for Sveio-samfunnet.

I denne utgåva av eigarskapsmeldinga er ikkje rekneskapstal og årsmeldingar frå 2012 kome endå, slik at det gjennomgåande er tal frå 2011.

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Eigarskapsmeldinga vert vedteke slik den ligg føre.

22.04.2013 FORMANNSKAPET

Rådmannen orienterte kort i saka.

Ordføraren orienterte om at det var oppført nokre feil personar i einskilde styre. Dette ville bli retta opp.

FOR-016/13 SAMRØYSTES TILRÅDING:

Eigarskapsmeldinga vert vedteke slik den ligg føre.

06.05.2013 KOMMUNESTYRET

Rådmannen orienterte i saka.

Kommunestyret ga uttrykk for at dette var eit godt dokument.

KOM-033/13 SAMRØYSTES VEDTAK:

Eigarskapsmeldinga vert vedteke slik den ligg føre.



Kontrollutvalet i Sveio

Statusoversikt juni 2013

Saker fra bestilling til behandling i kontrollutvalet


Forvaltningsrevisjon	Bestilt	Tidsbruk	Status	Ferdig dato	Merknader
Pleie- og omsorgs-tenestene	16.04.13, sak 14/13	150 timer	Bestilt	Hausten 2013	
Selskapskontroll					
Andre saker					

Saker under politisk handsaming eller til oppfølging i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjon	Bestilt	Hand-sama i KU	Behandla i KST	Planlagt oppfølging	Merknader
Pleie- og omsorgs-tenestene	16.04.13, sak 14/13	Hausten	Hausten	Innan 6 mnd frå vedtak	
Selskapskontroll					
Andre saker					

Avslutta prosjekter 2012

Forvaltningsrevisjon	Bestilt	Behandla i KU	Behandla i KST	Fylgt opp	Merknader
Plan for forvaltnings-revisjon 2012-2016	22.05.12 sak 11/12	18.09.12, sak 22/12	22.10.12 sak 101/12	I 4-års perioden	Laga av KPMG as
Selskapskontroll					
Plan for selskaps-kontroll 2012-2016	-	18.09.12 sak 21/12	22.10.12, sak 100/12	I 4 års perioden	Laga av sekretariatet
SIM IKS	21.12.11 sak 25/11	18.09.12 sak 20/12	22.10.12, sak 102/12	Ingen frist	Deloitte as
Andre saker					
Overordna analyse for forvaltningsrevisjon	22.05.12-	18.09.12, sak 22/12	22.10.12 sak 101/12		Laga av KPMG as



KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENTET

pkl 10

Du er her: regjeringen.no / [Kommunal- og regionaldepart...](#) / [Pressesenter](#) / [Pressemeldinger](#) / Interkommunalt samarbeid løner seg for kommunane

Pressemelding, 29.04.2013

Interkommunalt samarbeid løner seg for kommunane

Interkommunalt samarbeid aukar kvaliteten på tenestene og løner seg økonomisk, viser ny rapport. Det gjeld både for store og små kommunar.

– Dette viser at interkommunalt samarbeid gjev kommunane nødvendig fleksibilitet til å kunne organisere tenester og oppgåver i tråd med lokale tilhøve. Det aukar kvaliteten på tenestene, seier kommunal- og regionalminister Liv Signe Navarsete.

Navarsete meiner rapporten vil vere relevant for debatten om framtida sin kommunestruktur.

– Tilhengarane av omfattande kommunesamanslåing peiker ofte på at små kommunar må samarbeide med andre for å løyse enkelte oppgåver, og meiner dette er eit problem. Denne rapporten dokumenterer at store kommunar faktisk samarbeider meir enn dei små, fastslår Navarsete.

Kommunal- og regionaldepartementet har fått IRIS, Nordlandsforskning, Uni Rokkan og Høgskolen i Oslo og Akershus til å kartlegge omfanget av interkommunalt samarbeid.

Dei har analysert konsekvensane av at stadig meir av den kommunale aktiviteten skjer i ulike kommunesamarbeid.

Analysen viser at det finst om lag 850 formaliserte interkommunale samarbeid i Noreg. Kvar kommune deltek i gjennomsnitt i elleve samarbeid med andre kommunar. Dei største kommunane deltek i fleire, i gjennomsnitt i femten.

Samla sett har forskarane kalkulert det økonomiske omfanget av interkommunalt samarbeid til om lag ti prosent av driftsutgiftene til kommunane.

Det er registrert flest samarbeid om tenester innanfor teknisk sektor som energi, vassforsyning, avløp, renovasjon, avfallshandtering, brannvern og bompengeselskap. Desse samarbeidsområda er også størst målt i omsetjing.

Kommunane samarbeider svært lite innanfor store kjerneoppgåver som barnehage, grunnskule og pleie og omsorg. Desse områda utgjer 68 prosent av brutto driftsutgiftene til kommunane.

Dei store kommunane, med over 20 000 innbyggjarar, deltek i flest samarbeid om samferdsel, næringsutvikling, hamn og kulturhus/kino. Dei minste kommunane, med under 1 500 innbyggjarar, samarbeider mest om barnevern, men også om legevakt.

Her kan du lese hele rapporten: ["Interkommunalt samarbeid: Konsekvenser, muligheter og utfordringer"](#)

Kommunal- og regionaldepartementet sin pressetelefon: 22 24 25 00.

Antikorrupsjon i kommunene – mer enn kontroll

Korrupsjon i kommunesektoren er satt på dagsordenen gjennom et kritisk søkelys fra mediene og avsløringer av korrupsjonssaker. Etter at korrupsjonsbestemmelsene kom inn i straffeloven i 2003, er 24 personer dømt for korrupsjon i fem korrupsjonssaker i kommunene.

Antallet kan synes beskjedent, men viser samtidig at kommunene også er utsatt for risiko. Flere av sakene har hatt et innhold og omfang som har bidratt til å vekke bevisstheten blant folkevalgte og ansatte om at korrupsjon også kan finne sted hos dem. Utfordringen for kommunene er å omsette en slik bevissthet til konkrete korrupsjonsforebyggende aktiviteter.

Håndbok i antikorrupsjon

KS har i samarbeid med Transparency International Norge (TI Norge) satt i gang prosjektet «Åpenhet, integritet og antikorrupsjon i kommunesektoren» som nettopp skal bidra til at kommuner, fylkeskommuner og kommunale bedrifter kommer i gang med et korrupsjonsforebyggende arbeid. Prosjektet er støttet av Kommunal- og regionaldepartementet.

Som et ledd i arbeidet er det laget en håndbok i antikorrupsjon for kommunene, «Beskytt kommunen!»¹, utgitt av TI Norge i mars 2013. Hensikten er å motivere kommuner og fylkeskommuner til å arbeide for å forebygge og forhindre misligheter og korrupsjon. Sammen med det øvrige etikkarbeidet og bruk av KS' idehefte «Rådmannens internkontroll», kan håndboken gi konkrete innspill til antikorrupsjonsarbeidet i kommunesektoren.

Risikosoner i kommuneforvaltningen

I straffeloven er korrupsjon definert som «å kreve, motta eller akseptere et tilbud om en utilbørlig fordel i anledning av stilling, verv eller oppdrag» eller «å gi eller tilby noen en utilbørlig fordel i anledning stilling, verv eller oppdrag.»

AV SPESIALRÅDGIVER TOR
DØLVIK, TRANSPARENCY
INTERNATIONAL NORGE



Foto: Agenda Kaupang

Politikere, ledere og medarbeidere kan komme i situasjoner som gir mulighet til å misbruke posisjon, tillit og makt. Personer utenfor kommunen kan også fremme særinteresser og utøve press som kan være vanskelig å håndtere og sette den enkeltes integritet på prøve. Et sentralt perspektiv i håndboken er at alle de kommunale rollene utgjør risikosoner der korrupsjon kan oppstå:

Demokratirollen: Lokaldemokratiet er basert på borgernes politiske deltakelse i og mellom valg. Velgernes stemmegivning kan utsettes for utilbørlig påvirkning og valgoppgjøret eller valgavviklingen kan utsettes for uregelmessigheter som påvirker valgresultatet. Politikernes ombudsrolle innebærer utstrakt kontakt med ulike interesser i lokalsamfunnet. For alle deltakere i lokalpolitiske beslutningsprosesser er det nødvendig å ha en oppfatning av hvor grensen går mellom legitim kontakt og utilbørlig påvirkning, særlig i situasjoner der det kan stilles spørsmål ved de folkevalgtes uavhengighet.

Myndighetsrollen: Folkevalgte og kommuneansatte avgjør fordelingen av goder og byrder i lokalsamfunnet gjennom myndighetsutøvelsen. Kommunen fastsetter påbud og forbud, krever inn skatter og avgifter, gir tillatelser, fordeler tilskudd og gir bevilgninger som er bestemmende for enkeltindividers, bedrifters eller organisasjoners

¹ Håndboken kan lastes ned på www.transparency.no



rettigheter og plikter. Likebehandling og etterprøvnbarhet er grunnleggende prinsipper i myndighetsutøvelsen, men utenforliggende hensyn eller påvirkning kan på en utilbørlig måte virke inn på vedtakene, enten de treffes i et folkevalgt organ eller av kommunalt ansatte som forvalter vedtakskompetansen.

Tjenesterollen: Kommunesektoren har et omfattende tjenesteansvar overfor befolkningen. Utilbørlig påvirkning kan favorisere enkelte tjenestemottakere eller medføre fordeler for ansatte. Påvirkningen kan skje i utformingen av rammene for tjenestestedenes virksomheter eller overfor innholdet i selve tjenesten som enkeltbrukere mottar.

Utviklingsrollen: Kommuner og fylkeskommuner har ansvar for å sikre en god samfunnsutvikling og regional utvikling. Det handler bl.a. om stedsutvikling, næringsutvikling, tilrettelegging for gode bosteder og å tiltrekke seg innbyggere eller næringsliv. Utviklingsrollen handler om at kommunene og fylkeskommunene må være proaktive i møte med potensielle interessenter og bygge allianser og arenaer for å bringe aktører sammen i utviklingsprosesser. Utilbørlige fordeler kan oppstå ved at adgangen til å delta på viktige møtearenaer eller tilgangen til kommunale ressurser forbeholdes noen interessenter.

Eierrollen: Kommuner og fylkeskommuner velger i økende grad å organisere deler av virksomheten i egne selskaper eller foretak. Det innebærer at kommunene må ivareta sine interesser gjennom eierstyring og ikke gjennom direkte politisk eller administrative styring fra folke-

valgte organer eller administrasjon. Eierstyringen forutsetter at kommunen som eier må sikre klarhet i roller, hvem som skal delta i styrer, profesjonalitet i selskapsledelsen, mulighet til kontroll og oppfølging av at driften er i samsvar med kommunens mål og interesser.

Korrupsjon kan ha mange former, og den kan utvikle seg gradvis, fra en praksis som oppleves som smidig og hensiktsmessig i hverdagen, via snarveier og små omgørelser av rutiner og regelverk, til misligheter eller straffbar korrupsjon. Prosessen kan skje på individnivå eller utspille seg som ukultur i et miljø der årvåkenhet og kritisk sans svekkes. I en slik glidende prosess med utspring i uvaner og ukultur, kan korrupsjon finne grobunn og gjøre organisasjonen sårbar for misbruk av myndighet og posisjon eller redusere motstandsdyktigheten i møte med påvirkning eller press for å oppnå fordeler.

I håndboken beskrives ulike korrupsjonsformer som kan oppstå innenfor de kommunale rollene:

- Bestikkelser
- Bidrag til politiske partier eller kandidater
- Veldedige gaver
- Sponsing
- Utpressing
- Gaver, representasjon og utgiftsdekning
- Interessekonflikter
- Lobbyvirksomhet

Ved å erkjenne risikoen for korrupsjon kan kommuner, fylkeskommuner og kommunale bedrifter arbeide med å forebygge og forhindre at korrumpende atferd utvikler seg og styrke muligheten til å avdekke saker.

Antikorrupsjonsprogram i kommunene

I håndboken anbefales det at kommunene utvikler sitt eget antikorrupsjonsprogram. Gjeldende lovverk inneholder langt på vei de elementene som skal forhindre korrupte handlinger. Likevel er det en rekke forhold som gjør at korrupsjon kan utvikle seg. Gjennom antikorrupsjonsarbeidet kan kommunene skape bevissthet, holdninger, kunnskap og atferd som gjør at regelverk og rutiner faktisk blir etterlevd. De etterleves ikke av seg selv, men gjennom aktive handlinger som politikere, ledere og ansatte foretar seg. Håndboken foreslår at et kommunalt antikorrupsjonsprogram omfatter seks hovedelementer:

1. Verdier, holdninger og kultur

Verdigrunnlag uttrykker hva som skal kjennetegne kommunens virksomhet innenfor alle dens roller og funksjoner. Verdiene må kunne gjenfinnes i de handlinger som kommunens representanter foretar seg, som ledere, ansatte eller folkevalgte. Kommunenes



■ ■ Gjennom antikorrupsjonsarbeidet kan kommunene skape bevissthet, holdninger, kunnskap og atferd som gjør at regelverk og rutiner faktisk blir etterlevd.

ledelse bør sørge for at det er formulert et verdigrunnlag, og at dette brukes aktivt i arbeidet med å bygge en god organisasjonskultur for å forebygge og reagere på uetisk og korrupt atferd.

2. Etiske retningslinjer for ansatte og folkevalgte

Etiske retningslinjer inneholder ofte klare anvisninger av hvilken atferd som forventes og hva som skal være rettesnoren. Etiske retningslinjer presiserer noen fundamentale krav som følger av kommunens grunnverdier. Etiske retningslinjer får praktisk betydning ved å tas i bruk og ved at ansatte og folkevalgte forholder seg aktivt til innholdet i dem, gjerne gjennom dilemmadiskusjoner med utgangspunkt i eksempler fra egen virksomhet.

3. Risikoanalyser

Hensikten med risikoanalyse er å finne ut hvordan antikorrupsjonsprogrammet bør innrettes og hva som bør prioriteres. Kartlegging og analyse av risiko for korrupsjon er utgangspunkt for risikoreducerende tiltak, enten som egne målrettede tiltak eller som en integrert del av kommunens helhetlige risikostyring. Risiko for korrupsjon bør analyseres i alle virksomheter. Det kan skje ved at alle kommunale virksomheter tenker gjennom hvordan korrupte handlinger kan skje i egen virksomhet, hvor sannsynlig disse hendelsene er og hvilke konsekvenser de kan ha.

4. Et godt kontrollsystem

– egenkontroll og internkontroll

Et velfungerende kontrollsystem er avgjørende i et kommunalt arbeid mot korrupsjon, dels gjennom kontroller med at muligheten til å begå korrupte handlinger forhindres, dels ved at kontroll øker faren for å bli oppdaget. Kontrollsystemet omfatter kommunestyrets egenkontroll, kontrollutvalgets arbeid, forvaltnings- og regnskapsrevisjon og rådmannens internkontroll.

5. Strategi for anskaffelser

Kommuner og fylkeskommuner foretar innkjøp av varer og tjenester til en samlet verdi av rundt 150 milliarder kroner årlig. Anskaffelser er en prosess

som tradisjonelt inneholder korrupsjonsrisiko. Ved å ha en tydelig strategi for anskaffelser og å implementere den i alle ledd, vil kommunen kunne redusere risikoen for feil, misligheter og korrupsjon. Oppbygging av anskaffelsesfaglig kompetanse, klare rutiner og tydelig ansvar for å etterleve dem vil være sentrale elementer i en slik strategi.

6. Varslingsordning

Antikorrupsjonsprogrammer kan ha begrenset verdi hvis ansatte eller andre som opplever kritikkverdige forhold, ikke vet hvor de skal henvende seg. Kommunen må sikre at varsling oppmuntres og at varslere beskyttes. Når en ansatt observerer kritikkverdige forhold, skal vedkommende oppmuntres til å rapportere dette. Kommunen har plikt til å oppmuntre sine ansatte til å bruke sin rett til å si ifra, og å tilrettelegge for det.

Antikorrupsjon som tillitsskapende forvaltning

Tilliten til lokaldemokratiet og kommuneinstitusjonen svekkes når det avdekkes misligheter eller korrupsjon. Tilliten styrkes når kommunene gjennom praksis viser at tjenesteproduksjon, myndighetsutøvelse og politiske beslutningsprosesser er åpne, lovlige og etterprøvbare. Det er også tillitsbyggende når kommunene viser evne til å avdekke og håndtere uønskede hendelser på en betryggende måte.

Et synlig kommunalt antikorrupsjonsarbeid kan bidra til å vedlikeholde og styrke tilliten til at kommunesektoren ivaretar felleskapets beste.

Tor Dølvik er statsviter og har siden april 2012 vært spesialrådgiver i Transparency International Norge med ansvar for prosjektet "Åpenhet, integritet og anti-korrupsjon i kommunesektoren". Han har bakgrunn fra forskning, forvaltning og konsulentvirksomhet og har arbeidet med kommunalfaglige utredninger og analyser gjennom de siste 25 årene.

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	11.06.12	17/13

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	E 212	

TERTIALRAPPORT, REVIDERT BUDSJETT 2013 OG ØKONOMIPLAN 2014-2017

Ikkje manifoldiggjorte vedlegg:

1. Formannskapssak 26/13 til møte 10.06.13 - 1. tertialrapport 2013 (KST 17.06.13)
2. Formannskapssak 27/13 til møte 10.06.13 – Revidert budsjett 2013 (KST 17.06.13)
3. Formannskapssak 28/13 til møte 10.06.13 - Økonomiplan 2014- 2017(KST 17.06.13)
4. Formannskapssak 25/13 til møte 10.06.13 - Ressurssituasjon i pleie og omsorg - tiltak

Saksorientering:

Som ledd i kontrollutvalet sitt tilsyn med kommunen, bør kommunen sine tertialrapportar, budsjett og økonomiplaner bli lagt fram for utvalet til orientering. Utvalet er ikkje ein del av den formelle handsamingsrekka i denne type saker, og skal derfor ikkje fatte eit formelt vedtak, men kan ta dokumenta til orientering. Eventuelle kommentarar til rekneskapen frå kontrollutvalet sin side skal bli gjeve i samband med handsaminga av årsrekneskapen.

Tertialrapport

Tertialrapporten for 1. tertial er utarbeidd pr 30.04.13. Rapporten vil bli handsama av formannskapet 10.06.13 og av kommunestyret 17.06.13. Sakene finn ein på kommunen sine nettsider eller i papirversjon på rådhuset. I saksframlegget står det mellom anna:

Kort samandrag:

- Sveio sine frie inntekter består av ordinær skatt og statleg rammeoverføring, fråtrekt inntektsutjamning. Sum frie inntekter for 2013 er kr. 259 mill.
- Rammeområdet levande bygder har balanse pr. 1. tertial og vil halde seg innanfor ramma si for 2013.
- Rammeområdet Politisk har eit mindreforbruk pr. 1. tertial på 0,1 mill. Dei vil halde seg innafor ramma dei har for 2013, avhengig av kor mange verdibrev som vort innløyst.
- Rammeområdet Sentraladministrasjonen har eit mindreforbruk på kr 0,4 mill. pr. 1. tertial. Rammeområdet vil ved årets slutt sannsynlegvis ha eit meirforbruk grunna auke i utgifter til porto, annonser, oppdatering ny programvare til E-skatt og innføring av E-handel.
- Rammeområdet Oppvekst skule har pr. 1. tertial eit mindreforbruk på kt 0,3 mill.. Rammeområdet vil mest sannsynleg halde seg innanfor ramma si for 2013
- Rammeområde Oppvekst barnehage har pr. 1. tertial eit mindreforbruk på 0,2 mill. Rammeområdet vil sannsynligvis ha eit meirforbruk ved årets slutt.
- Rammeområdet Samhandlingsreforma har pr. 1. tertial balanse.

- *Rammeområde Helseavdeling med fellestenester syner meirforbruk på 0,1 mill., rammeområdet vil sannsynlegvis ha eit meirforbruk for 2013 på 500 000 – 600 000.*
- *Rammeområde Pleie- og omsorg har eit meirforbruk på 0,7 mill. pr. 1. tertial. Rammeområdet vil sannsynligvis ha eit meirforbruk på kr 2.500 000 - 3 000 000 ved årets slutt.*
- *Rammeområde NAV med flyktning har eit mindreforbruk på kr 0,5mill. Rammeområdet vil sannsynligvis halde seg innafor ramma si for 2013*
- *Rammeområde barnevern har eit mindreforbruk på 0,1 mill. pr. 1. tertial. Rammeområdet vil mest sannsynleg halde seg innanfor ramma si for 2013.*
- *Rammeområde Bustad- og avlastningstiltak har eit mindreforbruk på kr 0,3 mill. pr. 1.tertial. Rammeområdet vil sannsynligvis halde seg innafor ramma si for 2013.*
- *Rammeområde Tekniske tenester har eit meirforbruk på kr 0,4 mill. pr. 1.tertial. Rammeområdet vil mest sannsynlig ha eit meirforbruk ved årets slutt.*
- *Rammeområde VAR – vatn, avløp og renovasjon har eit mindreforbruk pr. 1. tertial på kr 0,7 mill. Rammeområdet vil gå i balanse ved årets slutt p.g.a. sjølvkost.*
- *Rammeområde kultur har pr. 1. tertial eit mindreforbruk på kr 0,3 mill. Rammeområdet vil sannsynligvis halde seg innanfor ramma si for 2013.*
- *Rammeområdet Kyrkja syner balanse pr. 1. tertial. Rammeområdet vil halde seg innanfor ramma si for 2013.*
- *Prognosen for heile året med same driftsnivå som pr. 1. tertial vil føre til at kommunen mest sannsynleg vil gå med eit netto driftsunderskot. Dette på grunn av meirforbruket på pleie- og omsorg og utfordringar innanfor sentraladministrasjonen, barnehage, skule og tekniske tenester.*
- *Sjukefråværet i kommunen er 7,7 % pr. 1. kvartal 2013.*

Prognosen er før revidert budsjett og enkelte av rammeområda vil verta justert i forbindelse med revidert budsjett for 2013.

Revidert budsjett

Formannskap/kommunestyre vil i same møte få lagt fram sak om revidert budsjett for 2013. Frå saksframlegget siterast følgjande:

Rådmannen har gått gjennom den økonomiske situasjonen for driftsrekneskapen hittil i 2013. Nærmare informasjon om utfordringane innaføre kvart rammeområde vert belyst under.

Rådmannen har særleg lagt til grunn situasjonen på barnehageområde der ein aukar tilbodet med 40 barnehageplassar frå hausten av.

Rammeområde skule er styrka for å gi rom for utvida valfag frå hausten av, samt for å betre utfordringsbilete knytt til auka skyssutgifter og andre forhold.

Sentraladministrasjonen har fått midlar for bl.a. å halde fram med avtalen med Vestavind, samt kompensere for bortfall av inntekt. I tillegg har rådmannen fått innspel om ei rekkje andre utfordringar. Utover drifta legg rådmannen fram ein endring i investeringsbudsjettet.

Med det som utgangspunkt og med netto auke i skatt og rammeoverføringar, samt auke i flyktningtilskott er det grunnlag for å gjere endringar i budsjett slik at nokre av dei innmeldte behova blir tekne med i 2013 slik det går fram av følgjande tabell:

Rådmannen oppsummerer saken med:

Vurdering:

Rådmannen ser at behovet for tenester er høgare enn dei midlane som er disponert. Det er innmeldte behov for tenester, nye stillingar og tiltak ein ikkje har funnet rom for. Signala frå regjeringa er klare. Me vil ikkje få auka ramma til nye tenester dette året utover dei midlane dei har fordelt etter kostnadsnøkane til auke i likeverdig behandling av private barnehagar.

Rådmannen vil sterkt understreke at det er gjort mange omdisponeringar av midlane innanføre rammeområda for å klare å tilby tenester.

I revidert budsjett har rådmannen satt av kr. 0,3 mill. som ikkje er disponert.

Rådmannen sitt framlegg vedtak er følgjande:

Kommunestyret vedtek endringar i Sveio kommune sitt budsjett for 2013 i samsvar med saksutgreiinga og tabelloppsettet.

Økonomiplan

Formannskap/kommunestyre vil i same møte få lagt fram sak om økonomiplan for 2013. Frå saksframlegget siterast følgjande:

Det er ei stor utfordring og eit krevjande arbeid å få budsjettet i balanse for 2014 og i planperioden. Mellom anna slår driftskonsekvensar inn frå investeringar som er gjort. Renter og avdrag utgjer i overkant av kr. 25,7 mill. Nye investeringsprosjekt vil ytterlegare auke våre rente-/avdrags- og driftskostnader elles.

Rådmannen har vist til i årsrapporten at Sveio kommune har nokre fondsreserver. Utover våren 2013 er mykje av dei frie fondsmidlane brukt til blant anna, Ekrene næringsområde, kjøp av Tjernagel m.m. Samstundes ser driftsåret 2013 ut til å bli svært krevjande med tanke på å unngå et signifikant meirforbruk. Det er elles ei utfordring at sentrale styresmakter gjennom si lovfesting av ulike rettar skapar store forventningar hjå innbyggjarane. Sveio kommune må for 2014 og i neste planperiode vere tydelege på kommunen sine mål og prioritera strengt. Alt dette krev ein organisasjon prega av fleksibilitet og vilje til endring. Ein viktig del av budsjettarbeidet vil vere å ha fokus på kva tenester me vil prioritera og om det er tenester me kan utføra meir effektivt.

Rådmannen går igjennom hovudtrekka til regjeringens kommuneopplegget for 2014 generelt og oppsummerer med følgjande:

OPPSUMMERING / STRATEGI:

Slik rådmannen ser det, er Sveio kommune inne i ei positiv utvikling på mange område. Kommunen ligg sentralt i ein region med eit ekspanderande næringsliv, folketalet stig kraftig og tenestetilboda har god kvalitet. Det er tatt viktige steg når det gjeld investeringar i boligområde, næringsutvikling, skule, omsorg, idrett og kommunal infrastruktur.

Den store utfordringa ligg i økonomien. Innbyggjartalet har vokse sterkt i kommunen i mange år, og kommunestyret er kjent med dei utfordringar dette gjev finansielt. Særleg barnehagesektoren og barnehagereformen er krevjande for kommunen og er sterkt knytt til veksten i talet på innbyggjarar.

Elles er rammeområda innanfor helsesektoren krevjande økonomisk. Det er sær utfordrande å begrense ressursauken innan forvaltningsområde med sterk rettighetsfesting og i eit tidsmessig klima der det både frå innbyggjarar og overordna mynde er forventa auka satsing.

Dei siste åra har også lånegjelda auka monaleg, faktisk med rundt 100 mill. I økonomiplanperioden vil mest truleg lånegjelda auka ytterlegare. Det vil eventuelt auke presset på drifta ytterlegare. Det bør vere eit mål å handheva regelen om minst 35 % eigenfinansieringsdel på investeringane, maks 60 % lånegjeld av driftsinntektene og 3-5 % netto driftsoverskott.

Samla sett vil kommunestyret overordna måtte ta stilling til følgjande alternativ, helst i ein kombinasjon:

- 1) Tilpassing av tenestetilbodet gjennom omorganiseringar og omstruktureringar*
- 2) Ei kritisk haldning til investeringar*
- 3) Utnytte inntekspotensialet*

Rådmannen har ved fleire høve orientert om den økonomiske situasjonen, og kommunestyret er orientert om at det er naudsynt å ta markante politiske vegval for å ha ein berekraftig økonomi i økonomiperioden og i åra etter dette.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak er følgjande:

- 1) Sveio kommune vedtek førebels total ramme til drift for 2014 slik den ligg føre i saksutgreiinga. Sum til fordeling utgjer kr 271 770 000*

Ressurssituasjonen for pleie- og omsorg

Formannskap/kommunestyre vil i same møte få lagt fram sak om ressurssituasjonen for pleie- og omsorg medevaldering av tiltak fort å oppnå økonomisk driftsbalanse. Sett i samanheng med forvaltningsprosjektet innan pleie- og omsorgsteneste, som utvalet har tinga hos KPMG, vil det vere naturelg at utvalet også er kjent med denne saka. Frå saksframlegget siterast rådmannen si vurdering av situasjonen:

Vurdering:

Som nemnt og påpeika i saksframstillinga er det gjort omfattande kartleggingar og gjort gode grep for å ta ned kostnader i pleie og omsorg dei seinare åra. Rådmannen erkjenner at ein står ovafor vanskeleg valg, valg med utprega politisk islett. I saka er kort gjort greie for viktige element i drifta og mulighetene for å ta ned kostnader. Dersom påpeika tiltak av strukturell karakter skal gjerast, treng desse tiltaka meir omfattande utgreiing.

På den bakgrunn ser rådmannen det som nødvendig å be om råd frå kommunestyret om den retning ein skal bevege seg i og dei valg ein eventuelt skal utgreie nærare. Konkurransetutsetjing og omheimling vil bety omfattande utgreiing og prosessar.

Etter rådmannen si oppfatning vil det vere rett å avvente større strukturelle grep, med mindre kommunestyret allereie nå har ei klar formeining om at ein kan akseptere eit redusert tenestetilbod enn det ein har i dag innafor pleie og omsorg.

Rådmannen må elles medgi at det ikkje, på kort sikt, kan gis eit tilfredsstillande svar på finansieringsutfordringa for dagens driftsnivå. Det er som kjent allereie gjort betydelege reduksjonar bemanningsmessig, noko som har vore særskild utfordrande for dei tilsette. Dette skjer samstundes som eininga skal møte nye og fleire kompetansekrevjande oppgåver i samband med gjennomføring av Samhandlingsreforma. Ein ny runde med nedskjering vil vere risikabelt i forhold til ei stor gruppe tilsette med flotte haldningar til oppgåver og oppgåveløysing. Det vil kunne medføre auka sjukefråver og langt større uttak av AFP en det som er tilfelle idag.

Rådmannen vil uansett løysing følgje rekneskapsutviklinga nøye i tida framover og vil ha forventningar om ei mest mogeleg nøktern drift.

Til dette møtet vil også kommunalsjef for helse og omsorg komme for å orientere generelt. Nærare utdyping og spørsmål kan då rettes til han i denne saka.

Som nemnt innleiingsvis er desse sakene orienteringssaker for kontrollutvalet.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Sveio kontrollutval tar rådmannen sine saksframlegg om 1. tertialrapport 2013, revidert budsjett 2013, økonomiplan 2014- 2017 og ressursituasjonen i pleie- og omsorg til orientering.

Aksdal, 04.06.13


Toril Hallsjø
Utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	11.06.13	18/13

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	216	

ORIENTERING OM RESULTATEININGANE INNAN HELSE OG OMSORG

Saksorientering:

Kontrollutvalet vedtok i møte 22.01.13, sak 7/13 ein plan for orientering om støtte- og resultateiningane i 2013:

22.01	kommunalsjef IKT og utvikling
16.04	teknisk sjef (også årsrekneskap m/økonomisjef og revisor)
11.06	kommunalsjef oppvekst og kultur
10.09	kommunalsjef helse og omsorg
19.11	rådmannen (budsjettframlegg og økonomiplan)

Sekretariatet oversendte planen i brev av 28.01.13 til rådmannen og om at utvalet ønskjer å bli orientert på generell basis om arbeidsområda.

På kommunen sin nettside står følgjande:

Hovudmålet er ei effektiv, fleksibel og serviceprega verksemd som er retta mot raske endringar i rammevilkår og nye utfordringar i lokalsamfunnet. Organiseringa er bygd opp etter grunnprinsippet om brukaren i sentrum. Gjennomgåande tenking er:

- fokus på tenesteyting og ikkje på det "indre liv" i organisasjonen
- god økonomi
- god service
- kort tenesteveg/avstand
- god fleksibilitet
- god samhandling

Rådmannen har eit overordna administrativt leiaransvar for den kommunale verksemda. Sentrale oppgåver er:

- syte for nødvendig planlegging, samordning og effektivisering av den adm. verksemda,
- medverke til å styrke samarbeidet mellom administrasjonen og dei folkevalde,
- legge til rette for god service og informasjon,
- dagleg tilsyn med kommunens forvaltning og økonomi og
- ansvarleg saksførebuing og iverksetting av vedtak.

Kommunestyret har det øvste tilsynet med at rådmannen utfører dei oppgåver som er pålagt. Kontrollutvalet har det løpande tilsynet.

Til dette møtet var kommunalsjef for oppvekst og kultur sett opp, men pga. møtekollisjon for kommunalsjef Reidun Rødeseike denne dagen, er det gjort avtale om at ho kjem på møtet i september.

Rådmannen har bedt kommunalsjef Bjørn Gilje komme i staden og han vil orientere for kontrollutvalet om einingane Helse og rehabilitering, Pleie og omsorg, Butiltak for funksjonshemma, Barnvern og NAV med flyktning.

Tidsramma er antyda til 30 - 45 min. til presentasjon og spørsmål.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Sveio kontrollutval tar orienteringa om resultateiningane innan helse og omsorg til orientering.

Aksdal, 04.06.13



Toril Hallsjø

Dagleg leiar/utvalssekretær